



## Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 15.02.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem

Det møtte 24 av 25 representantar i kommunestyret.

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmann Jarle Landås, rådgjevar Harald Stanghelle i si sak 08/2018, møtesekretær Arthur Kleiveland.

---

Lokaldemokrati-undersøking: Seniorrådgjevar Victor Ebbesvik frå KS Vest orienterte om lokaldemokrati-undersøking i sak 02/2018.

NGIR-orientering: Styreleiar Helge Fjellangar og økonomisjef Erlend Kleiveland frå NGIR orienterte om verksemda og anbudsopplegg for transport.

Det var spørjetime før ordinært møte.

---

## Saksliste

Saksnr	Tittel
001/2018	Meldingar og referatsaker
002/2018	KS Lokaldemokrati - undersøking
003/2018	Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS
004/2018	Suppleringsval til styret i Sambandet Vest
005/2018	Søknad om fritak varamedlem kommunestyre
006/2018	Søknad om fritak politiske verv
007/2018	Rullering av ROS-analyse - 2018
008/2018	IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet - og endring frå å vera eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27

## 001/2018: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

**Fellesnemnda for Alver kommune:** Ordførar Jon Askeland informerte om status og framdrift i arbeidet med ny kommune. Han sa at arbeidet no er kome over i driftsfasen, og at fellesnemnda meir og meir kjem til å overta kommunestyret sine oppgåver. Ordføraren ser behov for god informasjonsflyt, og han ser for seg at info til kommunane vert ein fast post i kommunestyret. Fellesnemnda skal drøfta korleis informasjonen skal gjennomførast.

Leif Taule (SP) uttrykte uro over dei totale investeringsplanane i dei tre Alver-kommunane fram mot 2020. Han viste til at også fylkesmannen har reagert på dette. Taule stilte spørsmål ved om ikkje kommunane samsnakkast om aktuelle prosjekt, og la ikkje skjul på at han synest det er overraskande at investeringsplanane går gjennom i fellesnemnda.

Ordførar Jon Askeland peika på at dei respektive kommunestyre er suverene i sine budsjettvedtak for 2018 og 2019, og at det berre er fylkesmannen som kan gripa inn. Samtidig sa Askeland at investeringar og økonomi i kommunane sjølvstøtt blir drøfta i fellesnemnda, og la til at det er berre budsjettet som er bindande. Økonomiplanen er som kjend rettleiande og vert årleg justert i tråd med føresetnader som kommunestyret må leggja inn på inntekts- og kostnadssida.

Silje Namtvedt (SP) sa at det ikkje kan vera meininga - og heller ikkje er berekraftig, at alle tenester og administrative oppgåver skal samlast i Knarvik. Både med omsyn til plassbehov, og med tanke på den trafikkmengde som går gjennom sentrum kvar morgon, med dårleg infrastruktur. Namtvedt er opptatt av at det må bevarast eit visst tal arbeidsplassar i Radøy. Ho stiller spørsmål ved på kva tidspunkt politikarane og innbygarane i Radøy skal få koma med sine innspel til kva som skal vera att av kommunale tenester i gamle Radøy kommune.

Ordførar Jon Askeland viste til at det er fellesnemnda som suverent styrer prosjektet, også spørsmål om lokalisering. Ordføraren sa at det står fast at det skal vera kommunale funksjonar i kvart av dagens rådhus.

**Bogatunet:** Ordførar Jon Askeland orienterte om saka, og viste til at kommunestyret sitt vedtak om kommunal overtaking av Bogatunet og Syltastova førebels ikkje er sett i verk. Kommunen har ikkje inngått avtale med Nord- og Midhordland sogelag om overtaking av dei kulturhistorisk viktige bygga. Han sa at det ikkje er sikkert at kommunen kjem til å overta Bogatunet, ettersom ein tilbakefalls-klausul gjer at familien kan krevja tilbake eigedomen dersom Nord- og Midhordland sogelag vert lagt ned og eigedomen overført til andre. Det kan vera at Nord- og Midhordland sogelag held fram som eigar.

**Marås-Soltveit:** Ordførar Jon Askeland informerte om at kontaktutvalet for Nordhordlandspakken har skissert moglege løysingar og grep for å få kostnadane med enkeltprosjekt i pakken ned. Det kan t.d. føra til at ny veg mellom Marås og Soltveit, kan bli nedkorta ved at ny veg mot Soltveit ikkje blir påbyrja før området ved Gjerdenett sine lokale. Ordføraren orienterte om at temaet skulle opp i regionrådet fredag 16. februar. Kommunestyret samtykka i at ordføraren i dette møtet meldte inn at kontaktutvalet må halda fokus på å byggja vegane i prosjektet og at ved kutt må det vera prinsipielt likt grunnlag. Kommunestyret var tydeleg på at det er ein viktig grunn til at vegen skal byggast mellom Soltveit og Marås. Frå Marås og sørover er vegstandarden betre enn nordover. Det er spesielt dårleg veg mellom Marås og Kjeseth.

**Løypemelding økonomi/rekneskap:** Rådmann Jarle Landås orienterte kort om den økonomiske stoda. Han sa at kommunen vil levera eit godt overskot i 2017. Overskotet ser ut til å bli på over 5 mill. Rådmannen kjem tilbake med endelege tal.

**Tannklikk på Manger:** Ordførar Jon Askeland informerte om at fylkestannlegen har hatt møte med kommunen og orientert om at dei har planar om å leggja ned den offentlege tannklinikken på Manger. Ordførar og rådmann gav tydeleg melding om at kommunen vil motsetja seg ei nedlegging, og i tillegg meiner kommunen at det er for tidleg å ta stilling til dette no. Etter kommunen sitt syn er det Alver kommune som må vurdere tannklinikstruktur, og det er naturleg å sjå Lindås og Manger tannklinikkar i samanheng. Ordføraren sa at formannskapet vil leggja fram ei sak for kommunestyret til neste møte.

**Orientering om planstatus:** Rådmann Jarle Landås gav ei grundig orientering om status for aktuelle planar. Rådmannen gjorde det klart at arbeidet fram mot Alver kommune krev svært mykje ressursar. Han sa at det er nødvendig med justering av ressursar heile tida for i størst mogleg grad å nå målsetjingane i planarbeidet.

Rådmannen gjekk gjennom dei ulike planane i planstrategien, og han viste til at det også er mykje arbeid knytt til handsaming av private planar. Nokre av planane som er skissert i planstrategien er av ein slik karakter at det er naturleg å utarbeida i Alver-samanheng. Utover det konkluderte rådmannen med at planarbeidet er i god gjenge i Radøy.

**Orientering NGIR og transportordninga:**

Før orientering avklarte kommunestyret at Martin Soltveit (SP), som er medlem i NGIR-styret, er habil til å delta under orientering og handsaming.

Styreleiar Helge Fjellanger og økonomisjef Erlend Kleiveland gav ei orientering om drifta i NGIR, med fokus på transportordninga. Etter RenoNorden-konkursen har administrasjonen og styret vurdert ulike løysingar for det framtidige transportordninga. Spørsmålet er om det skal gjerast i eigen regi eller setjast ut på anbod, slik det har vore gjort sidan starten. Etter orienteringa kom det fram ulike synspunkt på styret si handtering av anbodssaka.

Kommunestyret tok orienteringa frå NGIR til vitande.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

**Vedtak:**

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

**002/2018: KS Lokaldemokrati - undersøking**

**Behandling:**

Seniorrådgjevar Victor Ebbesvik i KS Vest informerte om lokaldemokrati-undersøkinga. Han peika på undersøkinga skal gje eit grunnlag for å styrka demokratiarbeidet og få eit godt bilete av tilstanden i den enkelte kommune. Ikkje minst er det viktig å få fram kvar det kan vera behov for endring og utvikling.

Også i Meland og Lindås vert det gjennomført tilsvarande undersøking, som grunnlag for lokalt demokratiarbeid inn i ny kommune.

Medlemene i kommunestyret gjennomførte undersøkinga - med ialt 43 spørsmål, under sak 2 i

møtet. Det vert som eit ledd i lokaldemokrati-undersøkinga også gjort telefonintervju mellom innbyggjarane i kommunen.

Resultatet vert lagt ut på nettstaden [www.bedre.kommune.no](http://www.bedre.kommune.no)

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

---

003/2018: Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet (som valnemnd).

Vedtak:

Jostein Borlaug (AP) vert valt som representant til generalforsamlinga i Aufera as.

---

004/2018: Suppleringsval til styret i Sambandet Vest

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet (som valnemnd) si tilråding.

Vedtak:

John Bauge (H) vert valt som nytt varamedlem til styret i Sambandet Vest.

---

006/2018: Søknad om fritak politiske verv

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet (som valnemnd) si tilråding.

Vedtak:

Liv Berith Rath får innvilga søknad om fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

- Jannicke Helland vert valt som nytt medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
  - Jostein Borlaug vert valt som nytt 1. varamedlem til samarbeidsutvalet ved Sæbø skule
  - Jannicke Helland vert valt som 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS
- 

## 007/2018: Rullering av ROS-analyse - 2018

### Behandling:

Rådgjevar Harald Stanghelle gav ei grundig orientering om arbeidet og vurderingane som er gjort i ROS-analysen. Risikoanalysen skal rullerast kvart fjerde år. Stanghelle sa at endringane i samfunnet i løpet av desse åra blir gjenspegla i analysen. Han trekte fram følgjande endring; Frå å vera sjølvhjelpen er den enkelte no stadig meir oppteken å få fleire tenester levert. Denne rulleringa av ROS-analysen er den siste i Radøy kommune. Stanghelle peika på at arbeidet med risikoanalyse i Alver kommune er igang.

Arild G. Tveranger (Uavh.) spurde kva myndigheit Radøy kommune har overfor BKK for å sikra ein meir påliteleg straumleveranse framover, t.d. ved trefelleing og rydding langs kraftlinene. Harald Stanghelle svara at dette er BKK sitt ansvar, men at kommunen har dialog med BKK om desse spørsmåla.

Ordførar Jon Askeland sa at Radøy er den kommunen i Hordaland som gjorde ROS-analyse først.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

### Vedtak:

Rullert ROS-analyse vert godkjent.

---

## 008/2018: IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet - og endring frå å vera eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27

### Behandling:

Regionrådet har laga felles saksutgreiing til handsaming i kommunane. Ordførar Jon Askeland peika på at med denne føreslegne omorganiseringa vil eigarkommunane få betre kontroll og styret med IKT Nordhordland enn tilfellet er i dag.

Rådmann Jarle Landås understrekar at den nye omorganiseringa vil styrka både kompetansen og gje mindre kostnader. Han svara på spørsmål frå Leif Taule (SP) og stadfesta at strategi- og utviklingsdelen framleis skal liggja utanfor IKT Nordhordland, som skal vera eit reint driftsselskap også framover. Landås sa at det så langt er uavklart om strategi- og utviklingsdelen er noko Alver kommune sjølv skal ta på seg.

Den nye modellen opna for at fleire kommunar kan knytta seg til IKT Nordhordland. På spørsmål frå Normann Sæbø (H) sa Landås at Alver kommune etter Inndelingslova vil ha seks månaders oppseiingstid dersom kommunen vil gå ut av samarbeidet og oppseiinga blir gjort innan eitt år etter samanslåinga. Landås sa at kommunen med Kommunelova i hand kan gå ut av samarbeidet med eitt års oppseiingstid.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

1. Radøy kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
  2. Radøy kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.
-